



Arkivnr: 2014/22640-1

Saksbehandlar: Arne Åsan

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		11.11.2014
Fylkesutvalet		19.11.2014

### Regionalt odontologisk kompetansesenter - samarbeidsavtaler og samarbeidsform

#### Samandrag

Tannhelsetenesta kompetansesenter (Tk) Vest er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn & Fjordane fylkeskommune. Det blei i 2006/2007 fatta tilnærma likelydande vedtak i alle dei tre fylkeskommunane om at TKVest skulle opprettaast – og korleis samarbeidet skulle organiserast.

Som ein del av prosjektarbeidet blei det utarbeidd ein samarbeidsavtale mellom dei tre fylkeskommunane. Fylkestinget i Hordaland vedtok samrøystes samarbeidsavtalen i møte 15.12.2010 som sak 267/10. Mot slutten av prosjektperioden blei det klart at det var behov for å justera samarbeidsavtalen. Fylkesutvalet i Hordaland vedtok samrøystes justeringane i samarbeidsavtalen i møte 26.01.2012 – sak 12/12.

Samarbeidsavtalen vedteken av fylkesutvalet i 2010 var bygd på føresetnader som nå har endra seg, noko som ofte skjer i ein dynamisk organisasjon som er under etablering og oppbygging. Endra føringar frå Helsedirektorat bygger opp under dette. Det er difor naturleg at den vedtekne samarbeidsavtalen opphører. Det er likevel full semje om at samarbeidet og samhandlinga mellom tannhelsetenestene i dei tre fylkeskommunane skal halde fram utan ein formell samarbeidsavtale.

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at samarbeidsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest vedteken i fylkesutvalet 15.12.2010 (sak 267/10), samt revidert avtale vedteken i fylkesutvalet 26.01.2012 (sak 12/12), opphører.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 27.10.2014**

## Regionale odontologiske kompetansesentra - bakgrunn

Stortinget fatta i 1998 eit samråystes vedtak om:

«Stortinget ber Regjeringen vurdere å fremme forslag for Stortinget om opprettelse av odontologiske kompetansesentra i alle helseregioner.»

Fleire utgreiingar i regi av departement, direktorat og helsetilsyn, konkluderte seinare med at etablering av desentraliserte, odontologiske kompetansesentre var eit viktig virkemiddel som burde og skulle tas i bruk i tannhelsetenesta:

I NOU 2005:11 står det:

- «Opprettelse av regionale kompetansesentra er også et viktig bidrag i tiltakene for å øke stabiliteten og spredningen av kompetanse til distriktene. Staten bør derfor i sitt videre arbeid med tannhelsetjenesten følge opp dette økonomisk og prioritere regionale kompetansesentra i områder med tannlegemangel.»
- «Etter utvalgets mening er etableringen av regionale kompetansesentra et av de viktigste tiltakene for å bidra til stabilitet og spredning av kompetanse til distriktene på noe lengre sikt. Kompetansesentrene vil utgjøre et viktig løft for tannhelsetjenesten generelt og distriktene spesielt.»

Regjeringa har vidare omtalt oppretting av regionale odontologiske kompetansesentre i St.melding nr 35 (2006-2007) - Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning – framtidas tannhelsetjenester. I kapittel 12 står det at regjeringen vil bidra til etablering av slike sentra i alle helseregioner, og «de regionale odontologiske kompetansesentre vil få viktige funksjoner i den utøvende tannhelsetjenesten. Dette gjelder både rolle som utøvere av spesialiserte tjenester, og som organisatoriske enheter i desentralisert spesialistutdanning av tannleger. I tillegg vil de ha viktige oppgaver innen forskning og fagutvikling ute i tjenestene.»

Stortingsmelding nr 35 konkluderer slik:

- Regjeringa vil bidra til oppretting av regionale odontologiske kompetansesentre i alle helseregioner
- Regjeringa vil legge til rette for meir desentralisert spesialistutdanning av tannleger
- Regjeringa vil legge til rette for auka tal tannleger med dobbeltkompetanse
- Regjeringa ser på løn under spesialistutdanning som eit viktig tiltak
- Regjeringa vil prøve ut ny spesialitet i klinisk odontologi

I tillegg seier stortingsmelding nr 35 dette om forskning og fagutvikling: «Forskning og kunnskapsutvikling er viktige forutsetninger for at tannhelsetjenesten samlet sett kan ha læring og kvalitetsforbedring som systematikk i sin virksomhet. Regjeringen vil finansiere forskning ved de regionale kompetansesentrene.»

Det blei og tidleg avgjort at det var det var fylkeskommunane som skulle ha ansvaret for etablering og drift av dei regionale odontologiske kompetansesentra. Fylkeskommunane i kvar region måtte i felleskap avgjera korleis organiseringa skulle vera.

## Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest

Tannhelsetenesta kompetansesenter (Tk) Vest er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn & Fjordane fylkeskommune. Det blei i 2006/2007 fatta tilnærma likelydande vedtak i alle dei tre fylkeskommunane om at TkVest skulle opprettaast – og korleis samarbeidet skulle organiserast.

### Vedtak i fylkesutvalet i Rogaland fylkeskommune 15.08.2006:

- Fylkesutvalet viser til sin høyringsuttale til NOU 2005:11 og presiserer sitt ønske om at eit regionalt odontologisk kompetansesenter eller deler av eit slikt bli lagt til Rogaland.

- Rogaland fylkeskommune og Tannhelse Rogaland FKF tar kontakt med Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar for å arbeide vidare med å oppretta eit kompetansesenter for tannhelse i Helseregion Vest.

#### **Vedtak i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 31.01.2007**

- Fylkesutvalet ser det som svært viktig at det vert etablert eit odontologisk kompetansesenter i Helseregion Vest.
- I samarbeid med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar arbeider fylkeskommunen vidare med etablering av eit slikt kompetansesenter.

#### **Vedtak i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 21.02.2007**

- Fylkesutvalet viser til sitt høyringssvar til NOU 2005:11 og går inn for eit odontologisk kompetansesenter for dei tre vestlandsfylka med administrativt senter i Bergen
- Hordaland fylkeskommune tek saman med Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar kontakt med Helse- og omsorgsdepartementet med sikte på å opprette eit odontologisk kompetansesenter for Helseregion Vest.

29.05.2007 blei det sendt eit brev frå fylkesordføraren i Rogaland til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) på vegne av de tre fylkeskommunane. I brevet blir det referert til dei vedtaka som fylkeutvala i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har gjort, og at dei tre fylkeskommunane ser for seg ein modell med ein felles administrasjon, og at lokaliseringa av denne blir fastlagt som ein del av planlegginga av kompetansesenteret. Vidare står det i brevet at det bør opprettast avdelingar i kvart av dei tre fylka slik at behovet for spesialisttenester og desentralisert utdanning av spesialister blir godt ivaretake i heile regionen.

Svarbrev frå HOD, datert nov 2007, seier at HOD er positive til at fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland ønskjer å starte den vidare planlegginga. Etablering av TkVest skulle organiserast som eit prosjekt, og HOD ga prosjektansvaret til Rogaland fylkeskommune.

#### **Samarbeidsavtale**

Som ein del av prosjektarbeidet blei det utarbeidd ein samarbeidsavtale mellom dei tre fylkeskommunane. Fylkestinget i Hordaland vedtok samrøystes samarbeidsavtalen i møte 15.12.2010 som sak 267/10. Sjå vedlegg.

Mot slutten av prosjektpersonen blei det klart at det var behov for å justera samarbeidsavtalen. Det var spesielt §5 Styret og §6 Dagleg leiar som burde endrast for å få ei effektiv og god drift av TkVest.

Endringane var:

- §5 Styret

Det vart tilrådd at styringsgruppa til prosjektet skulle bli eit midlertidig styre, utvida med instituttstyrar med det odontologiske institutt (DOI), Universitetet i Bergen. Bakgrunnen for dette var behovet for å etablira eit tett og godt samarbeid med UiB om dei nye oppgåvene som vert tillagd kompetansesenteret innan forsking og spesialistutdanning.

- § 6 Dagleg leiar

Styringsgruppa fann det ikkje nødvendig å bemanna stillinga som dagleg leiar. Styringsgruppa såg det formålstenlig å bruke fyrtre året på å få røynsle om det var behov for ei slik stilling. Forslaget var at eit leiarforum samansett av leiarane for kompetansesenteravdelingane i kvart fylke skulle samordna felles oppgåver, men leiar for kompetansesenteravdeling i Hordaland skulle samordna og koordinera saker inn mot statlege organ – som HOD og Helsedirektorat. Samarbeidsavtalen skulle så evaluerast etter eit år.

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok samrøystes justeringane i den eksisterande samarbeidsavtalen i møte 26.01.2012 – sak 12/12.

#### **TkVest – status pr oktober 2014**

Dei to kompetansesenteravdelingane i Rogaland og i Hordaland er i full drift. Det er usikkert når avdelinga i Sogn & Fjordane vil kome i drift.

TkVest/Hordaland har over 40 tilsette, og det er tilsett spesialister i alle dei 7 godkjente odontologiske spesialitetane. Det er og tilsett fleire forskrarar, og TkVest/Hordaland har to stipendiatar som er i eit PhD-løp.

I prosjektfasen av TkVest var det semje om ei organisering der kvar av dei tre samarbeidande fylkeskommunene – Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane – skulle etablere ei fullverdig kompetansesenteravdeling. I tillegg skulle ei overordna administrativ eining plasserast i Bergen. Dette innebar i realiteten eit kompetansesenter, men med tre fylkesvise avdelingar.

Helsedirektoratet ønskja tidleg i prosjektet ein felles budsjettøknad frå TkVest, men som inneheldt ein spesifisert del for kvart fylke. Midlane er til og med 2014 overført som ein felles sum til TkVest. Sommaren 2014 ga Helsedirektoratet melding om at frå og med 2015 skulle det sendast ein budsjettøknad frå TkVest/Rogaland, og ein frå TkVest/Hordaland. Midlar som blei bevilga ville i framtida bli overført direkte til det aktuelle fylket.

Regionale odontologiske kompetansesentre er framleis ein ung organisasjon. Under oppbygging av ny verksemد er det viktig å læra av dei røynslene som blir gjort. TkVest/Rogaland og TkVest/Hordaland har gradvis utvikla seg til sjølvstendige kompetansesentra. Etablering av spesialisttilbodet på TkVest-/Hordaland har ført til at tannhelsetenesta i Hordaland har aldri tidlegare hatt eit betre fagleg behandlingstilbod til befolkninga i Hordaland enn nå.

Røynslene til nå er at den vedtekne samarbeidsavtalen ikkje lenger er i samsvar med nåverande og framtidig organisering av TkVest. Leiarane for tannhelsetenesta i dei tre fylkeskommunane er alle samde om at det er naturleg at den gjeldande samarbeidsavtalen må opphøyre. Avtalen inneber ingen økonomiske eller juridiske forpliktingar fylkeskommunane seg i mellom. Opphør av samarbeidsavtalen får heller ikkje praktiske konsekvensar, sidan sjølve innføringa av avtalen har vore sett på vent.

Leiarane for tannhelsetenesta i dei tre fylkeskommunane er samstemte om at det fortsatt er svært viktig å samarbeide med det mål å få eit best mogeleg tannhelsetilbod til innbyggjarane i dei tre vestlandsfylka. Alle tre fylkestannlegane ønsker framleis å samhandle med dei to andre fylka sine kompetansesentre for å utvikle felles interesser. Det vil bli oppretta eit samarbeidsråd mellom dei tre tannhelsetenestene, der målet er fagleg samhandling utan økonomiske eller juridiske bindingar. For å ivareta dette er det utarbeid eit samhandlingsdokument.